# Ikkje dispensasjon for hyttebyggjing

12.06.2011




**Vegvesenet har sagt nei til ein søknad frå Byggpartner Kvinnherad om dispensasjon på 8 meter frå eksisterande vegmidte til næraste kant av ei hytte . Grunngjevinga er at det kan skapa problem for vedlikehald av vegen og det blir dessuten støy- og støvproblem. Fritidsbustaden må plaserast mest mogeleg på linje med dei eksisterande bygg på nordsida av fylkesvegen ved Ytre Eik.**

Fylkeslegen har ei byggjegrense på 50 frå vegmidte og fartsgrensa er 60 kilometer i timen. Det er ikkje gang- og sykkelveg og det skal ikkje opparbeidast avkøyrsle, berre gangsti. Sider og bakvegg er planlagt i isolert betong.

Parkering skjer sør for fylkesvegen og tekniske anlegg er ferdig. Plasseringa av huset kan skje inntil 12 meter frå vegmidte til næraste kant av byggverket,

Det aktuelle område er innafor utløpet av bekken på skissa over, på gardsnummer 133 og bruksnummer 13.

Av Ola Matti Mathisen.